



Frank Alexander Müller
Rekdalsveien 124
5151 STRAUMSGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1505 - 23/70283

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.no
o

Dato:
05.10.2023

Orientering om status i sak - gbnr 352/10 Kårbø

Byggjestad: Gbnr 352/10 Kårbø 99
Tiltakshavar: Max Andre Müller

Saka gjeld

Oppfølging av mogleg ulovleg tilfelle på eigedom med gbnr 352/10.

Svar til e-post av 27.04.23

Vi beklager sein tilbakemelding i saka. Eg har tatt ein ny sjekk i arkivet. Er ikkje sikker kva de har fått tilsendt tidlegare, då det er ei anna avdeling som tek seg av innsynsførspurnader. Det eg kan finne i arkivet er dokument tilknytta to byggesaker. Ei byggesak for fasadeendring i 1979 og ein større byggesak for ombygging og endringar frå 1997. Som informert tidlegare ser det ut til å være god samanheng mellom flyfoto og hovedbygning på eigdommen.

Byggesaka seier derimot ingenting om tiltak utomhus.

Tiltak i strandsona

Nedanfor er eit utdrag av flyfoto som er tekne opp gjennom åra og viser endringane på eigdommen. Miljø & tilsynsavdelinga ser grunnlag for å kommentere 3 tilhøve.

1. Etablert vik og kaianlegg vest for hovudbygning
Av flyfoto går det fram at tiltaket er etablert ein stad mellom 1982 og 2000. Tiltaket er ikkje omtalt i godkjente søknader. Per i dag har vi ikkje konkludert om dette tiltaket er lovleg eller ulovleg etablert. Vi tek gjerne imot dokumentasjon og informasjon som kan bidra til å opplyse denne situasjonen.
2. Basseng, terrasse, bod og strand aust for hovudbygning
Tiltaket er etablert ein gong mellom 2008 og 2011. Nedanfor er flyfoto frå 2006 og 2011, men vi har også litt meir uklare flyfoto frå 2008 som viser same situasjon som 2006. Tiltaket er ikkje godkjent eller søkt om. Kommunen vurderer arkivet for denne perioden som komplett og at vi hadde hatt dokumentasjon på dette dersom tiltaket hadde vore søkt om og godkjent. Tiltaket er i strandsona.

3. Utomhusareal utanfor eigedomsgrensa

Det er etablert utomhusareal tilknytta eigedommen som går utanfor eigedomsgrensene på kartet. Vi ser imidlertid at dette ser ut til å ha vore slik heilt tilbake til 1966. Vi legg difor på noværande tidspunkt til grunn at dette skyldast at eigedomsgrensene ikkje er oppgått og endeleg fastsett.

Vurdering

Kommunen har vurdert saka slik at punkt 3 ikkje følgjast opp vidare med mindre det på eit seinare tidspunkt vert fastslått grenser som viser at det er gjort tiltak utanfor eigedomsgrensene.


Punkt 2 vurderast som eit ulovleg etablert tilfelle som anten må tilbakeførast eller godkjennast i etterkant. Sidan dette er eit tilfelle som har oppstått for ei tid tilbake vil vi først gje deg ein mulighet til å søke før vi vurderer å sette i gang ein prosess der vi krev retting og tilbakeføring.

Når det gjeld punkt 1 vil vi gje deg mulighet til å komme med meir informasjon og dokumentasjon før vi konkluderer korleis dette forholdet skal følgjast opp vidare.

Kommunen set vidare oppfølging av saka på vent til 01.12.23. Dersom vi ikkje har registrert inn nokon søknad eller motteke melding om at tiltaket er tilbakeført vil det etter dette bli gjort ei vurdering om vi skal følgje opp saka med varsel med krav om retting.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/1505.

Flyfoto





1982



2000



2006



2011



2018



2023

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Frank Alexander Müller
Max Andre Müller
Richard Müller

Rekdalsveien 124
Adolph Bergs Vei 50d
Langlia 11

5151
5089
0854

STRAUMSGREND
BERGEN
OSLO